



Lokal forskrift

Feiing og tilsyn av fyringsanlegg og regulering av feiegebyr i Øygarden kommune

Erstattar forskrift med ikrafttreding 18.06.21 - kunngjort i Lovdata 13.09.21

Vedteke i Øygarden kommunestyre 22.06.23

Forskrifta er gebyrregulativ for lovpålagd feiing og tilsyn som blir gjennomført av Øygarden brann og redning KF for Øygarden kommune, i samsvar med [forskrift om brannforebygging § 17](#)

Innhald

| | |
|---|---|
| Innhald | 2 |
| § 1. Føremålet med forskrifta | 3 |
| § 2. Verknadsområde | 3 |
| § 3. Definisjonar | 3 |
| § 4. Feie- og tilsynsgebyr..... | 3 |
| § 5. Kva gebyret skal dekke | 3 |
| § 6. Plikter hjå huseigar og brukar | 4 |
| § 7. Feiaren sine plikter | 4 |
| § 8. Gebyrfritak | 4 |
| § 9. Klage | 4 |
| § 10. Handheving og sanksjonar | 4 |
| § 11. Heimel og vedtak | 4 |
| § 12. Iverksetjing | 5 |

§ 1. Føremålet med forskrifta

Forskrifta har som føremål å regulere gjennomføring av feiing og tilsyn av fyringsanlegg i Øygarden kommune, slik at sjansen for at brann skal oppstå i fyringsanlegg og røykløp vert redusert så mykje som mogleg. Den lokale forskrifta skal sikre at kommunen får dekkja sine utgifter ved gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

§ 2. Verknadsområde

Denne forskrifta gjeld for Øygarden kommune.

Forskrifta er gebyrregulativ for lovpålagd feiing og tilsyn som blir gjennomført av Øygarden kommune ved avdeling for Brann og redning, i samsvar med [forskrift om brannforebygging § 17](#)

§ 3. Definisjonar

Feiing er reinsing av røykkanal i samsvar med krav gitt i eller i medhald av [brann- og eksplosjonsvernlova](#)

Tilsyn er kontroll med om fyringsanlegget er intakt, verkar som føresettt og er tilfredsstillande sikra mot brann og annan skade.

Fyringsanlegg omfattar eldstad, sentralvarmekjel eller varmluftsaggregat der varme vert produsert ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, , inklusiv røykkanal og eventuelt matesystem for brensel.

§ 4. Feie- og tilsynsgebyr

Gebyret for feiing og tilsyn med fyringsanlegg blir fastsett årleg av kommunestyret. Gebyret dekkjer både feiing og tilsyn, og vert kravd inn årleg.

Gebyr for feiing og tilsyn vert sett likt for kvar bueining med fyringsanlegg.

Kommunen skal årleg krevje inn gebyr frå alle som har fyringsanlegg, uavhengig av bruken.

Gebyret er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing og tilsyn blir gjennomført.

Gebyr skal og krevjast inn sjølv om feiing eller tilsyn ikkje er gjennomført i følgjande tilfelle:

- Feiaren ved inspeksjon av røykkanalane i fyringsanlegget har funne at feiing ikkje er naudsynt.
- Feiaren etter varsel og oppmøte til fastsett tid ikkje har fått tilfredsstillande tilkomst til fyringsanlegget, fordi eigar/brukar ikkje har vore til stades og/eller ikkje har lagt forholda til rette for tilkomst.

§ 5. Kva gebyret skal dekke

Gebyret skal dekke kommunen sine utgifter til lovpålagde oppgåver med fyringsanlegg etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk.

§ 6. Plikter hjå huseigar og brukar

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid. Eigar skal, etter varsel om feiing, syte for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan verte utført på ein tilfredsstillande måte.

Eigar av bygning der feiing vert utført frå tak, skal syte for at feiaren har trygg og tilfredsstillande tilkomst opp til, og på taket. Eigar skal syte for at føreskriven stige opp til tak er lagt fram tett attmed takstigen og er tilgjengeleg for feiar. Føreskriven takstige eller trinn skal festast i samsvar med forskrift. Tilkomst til tak skal sikrast mot utskliing.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/representant for eigar syte for at feiar har tilfredsstillande tilkomst til røykløp. Dette kan t.d. vere feieluke på loft. Ved innvendig tilkomst for feiing, må eigar/representant vere til stades under feiing.

§ 7. Feiaren sine plikter

Feiing skal utførast på ein fagleg tilfredsstillande måte med minst mogeleg ulempe for huseigar/brukar. Etter avslutta feiing skal feiaren syte for at sot vert fjerna og deponert på eigna stad, enten av feiaren sjølv eller av eigar/representant for eigar.

Under feiing og tilsyn skal feiaren vurdere tilkomsten til fyringsanlegget og forhold ved dette anlegget som har innverknad for branntryggleiken. Ved avvik som ikkje kan rettast på staden, skal feiaren gje skriftleg attendemelding til eigaren med frist for retting eller attendemelding om når retting blir gjennomført. Dersom retting ikkje blir gjennomført, skal tilsynsmyndigheit gje naudsynte pålegg.

§ 8. Gebyrfritak

Kommunen kan etter søknad gje fritak frå å betale gebyr. Føresetnaden for fritak er at det ikkje er montert eldstad, at eldstaden ikkje kan brukast, eller at bustaden ikkje er i bruk.

§ 9. Klage

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrifta skal settast fram skriftleg til Øygarden kommune, ved avdeling Brann og redning for førebuing til klagehandsaming.

Sakshandsaminga ved klagar følgjer føresegna gjeve i eller i medhald av [brann- og eksplosjonsvernlova](#) og [lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#).

§ 10. Handheving og sanksjonar

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal gjennomførast i samsvar med [kapittel 7 i brann- og eksplosjonsvernlova](#). Dersom fyringsanlegget eller skorsteinen er i ein slik tilstand at det medfører brannfare å bruke anlegget kan det leggjast ned fyringsforbod. Det same gjeld dersom fyringsanlegget eller skorsteinen ikkje er gjort tilgjengeleg for feiing og tilsyn.

§ 11. Heimel og vedtak

Fastsett av Øygarden kommunestyre den 22.06.23 med heimel i [lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og brannvesenet sine redningsoppgaver \(brann og eksplosjonsvernloven\) § 28](#)

§ 12. Iverksetjing

Denne forskrifta vert sett i verk 23.06.2023.
